

**C:\Users\Audun\Documents\Viktig\Lag\Granvin Turlag\Stølstrim
2021\Turbeskrivelser**

NORDEBOTN

Inn mot Nordebotn er det vister etter ei selstuft. Eigaren av bnr. 4. på Espeland fann ut at det var stuttare veg dit enn til Nuten, og ville byggja sel der. Tufta ligg på morene på vestsida av elva heimom Nordebotn. Men dei andre bruka mislikte dette og det vart ikkje noko meir av. Tidleg på 1900-talet var det okshamn i Nordebotn. Men berre eit par år av di eit par oksar gjekk seg utover og slo seg i hel.

Rundt år 1700 støla garden Aurdal i Ulvik i Nordebotn. Dette står å lesa om i bygdeboka for Ulvik under garden Vestrheim. Lengre inn i Nordebotn finn ein tufter etter ei gjætarbu. Ho ligg på ein flate mellom elvane som kjem frå Trodlavatnet og Vestrebotn. Olav Dale hadde fortalt at det var to brør på Dale som hadde bygd gjætarbua. Kunde det vera to av sønene til Dale nr 48, truom?

GOD TUR!

Granvin Turlag

Kjelde : «*Stølane i Granvin*» av *Torbjørn Seim* og *lokalkjende*